



Arkivsaknr: 2024/9686-13
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad med garasje - gbnr 227/42 Molvik

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå tiltakshavar på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad med garasje – gbnr 227/42 Molvik, datert 30.12.2024, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Søknad om dispensasjon frå LNF for oppføring av einebustad med garasje vert avslått. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 10.12.2024

Påklaga vedtak Avslag på dispensasjon, datert 10.12.2024

Tiltak: Dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av einebustad med garasje

Søknadstype: Dispensasjon

Eigedom: Gbnr. 227/42

Adresse: Molvikavegen, 5993 Ostereidet

Tiltakshavar: KNUT MORTEN ÅNENSEN

Klagar: Tiltakshavar v/ansvarleg søkjar

Vurderingstema for APM

APM må vurderer dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av ein bustad med garasje på ubebygd tomt. Egedomen vart oppretta den 15.12.1993 frå gbnr 227/5. Bruk av grunn er i følgje matrikkelen fritidsbustad. Einebustaden skal først opp i ein etasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 81 m² og bygd areal (BYA) ca. 91 m². Garasje har bruksareal (BRA) på 42 m² og bygd areal (BYA) på 47 m².

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM


Kommunen har mottatt klage frå tiltakshavar v/ansvarleg søkkjar. Klagar er part og har klagerett i saka. Vedtak i saka er sendt ut 10.12.2024. Klagen er mottatt 30.12.2024 og er mottatt innan fristen.

Saka har ikkje vore handsama av APM tidlegare.


Planstatus

Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som [i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 sin arealdel er definert som LNF](#) (Landbruk-natur og friluftsføremål).


Kart og foto




Fasader



FASADE 1



FASADE 2




FASADE 3




FASADE 4

Plan og snitt

09 ETASJE 1




3D Modell




Snitt

AREAL	BRA
1.ETG	81 m²
BYA	91 m²

Snitt A - A



Snitt B- B



Uttale frå andre mynde

Det er henta inn slik uttale frå Statsforvaltaren i Vestland den 09.12.2024:

«Det omsøkte tiltaket skal ligge i eit samanhengande LNF-område, med gode LNF-kvalitetar. Veg og ny bustad vil splitte opp og privatisere område. Vi vurderer dette som uheldig for LNF-verdiane i området.

Godkjenning av slike tiltak vil også kunne skapa ei forventning om tilsvarende dispensasjonspraksis for liknande tiltak. Dette vil kunne gi ei lite føreseieleg utbyggingspraksis og arealdisponering i kommunen. Bygging av nye bustader må primært byggjast ut i samsvar med plan, anten overordna eller gjennom ei reguleringsplan. Det er viktig at ikkje kommuneplanen gjennom dispensasjonar vert svekka som grunnlag for ei planstyrt utvikling av kommunen.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon for bustad i denne saka. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.»

Statsforvaltaren rår ifrå å gi dispensasjon.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

«Tiltakshavar Knut Morten Ånensen har sterk tilknytning til Molvik heilt frå barndomen. Tiltakshavar og kona bur også i dag i Molvik på gbnr. 227/7 dette er eit gammalt gardsbruk dei har etter foreldra. Bustaden dei bur i no er gamal med mange trapper, små dører og generelt ei dårleg planløyising med tanke på alderdommen og dei utfordringar som kjem med den.

På grunn av den sterke tilknyttinga til staden og eit sterkt ynskje om å bu i eigen bustad så lenge som mogleg ynskjer tiltakshavar å leggje til rette for dette gjennom oppføring av ny bustad på 227/42. Den aktuelle eigedommen vart i 1994 skilt ut med tanke på etablering av bustad men det er av ulike grunnar ikkje gjort noko med det før no. Tiltakshavar eig også 227/7 og 227/5 slik at heile utbygginga og etablering av infrastruktur skjer på eigne eigedomar i området som er lite tenleg som jordbruks eller friareal.

Etablering av bustaden er planlagt på ein allerede frådelt eigedom, Molvikavegen passerer ca 30 meter frå eigedomen på 227/5 og plassering av veg, og høgde på tomt er vurdert for å få best mogleg massebalanse i utbygginga for å unngå transport av masser i den grad det er mogleg. Vidare er det vurdert gode forhold for borehol som vil gje nok drikkevatt. Avløp er tenkt etablert med minirensanlegg som har avrenning via elv på 227/5 og vidare til sjø. Alle tiltak for etablering av infrastruktur skjer på tiltakshavars eigne eigedomar og er derfor uproblematisk med tanke på rettigheter og anna samstundes som dei vert planlagt med minst mogleg inngripande i terrenget og på ein måte som ikkje er til sjenanse for andre.

Eigedomen ligg like sør for Molvikavegen og øst for 227/40 som det bur folk på. Molvik forøvrig har ein etablert busetnad samt ein del hytter, tiltaket vil derfor vera i tråd med bruken av området og bidra til folketal og daglegliv slik vi ser det.

Tiltakshavar har sjølv vore i kontakt med landbrukskontoret i kommunen og saman med dei vurdert om tiltaket kan ha negativ effekt for landbruket. Vårt vurdering er at det ikkje er drivverdig jord på parsellen, den ligg naturleg plassert nære vegen og kjem ikkje i konflikt med landbruksdrift på anna måte. I følgje tiltakshavar har Bjørge på landbrukskontoret vurdere det same og landbruksmyndighetene har dermed ingen innsigelser til omsøkt tiltak. Me antar at kommunen ber om ein formell uttale då vi ikkje har fått det, men me legg i vår vurdering til grunn av informasjonen me har fått hjå tiltakshavar er riktig.

Området rundt parsellen er relativt bratt, ligg med avstand til sjø og har ingen stiar eller andre interesser for friluftslivet. Det er eit området som ikkje vert nytta til friluftsliv på nokon måte og tiltaket vil ikkje komme i konflikt med slike interesser.

Ein dispensasjon vil bidra til at tiltakshavar med familie kan verta buande i Molvikbygda i lang tid framover, og dei vil kunne bu i egen bustad svært mykje

lengre en det vil vera mogleg i dagens bustad. Det vert her tilrettelagt med alt på eit plan, og fult tilpassa rullestolbruk dersom det skulle verte nødvendig.

Gjennomføring av tiltaket vil også sikra at tiltakshavar vert buande i området og kan forvalta garden og bygningane på ein god måte, samstundes som ein sikrar overgangen av den til neste generasjon best mogleg. Det vil vera av stor betydning for tryggleik og både fysisk og psykisk helse at tiltakshavar kjenner seg trygg i eigen bustad samstundes som tilknytninga til Molvik og «heimagarden» vert ivaretatt. For bygda Molvik er det svært positivt å ta vare på dei fastbuande for å sikre folketal og reelt daglegliv i området også i framtida.

Tomta er allereie frådelt, infrastruktur vert ivaretatt på tiltakshavar sin eigen eigedom og tiltaket vil bidra til å holda folketalet i bygda samstundes som eigedomen vert bruk til det den opprinneleg var tenkt til. Denne løysinga bidreg og til at neste generasjon kan overta hovudbruket og ansvaret for det både reint praktisk og økonomisk. Vår vurdering er at det føreligg konkrete forhold i denne saka som gjer at det ikkje vil skapa presedens for andre tilfelle.

Så lang vi kan sjå vil ein dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesette hensynet bak bestemmelsen, og fordelane er klart større en ulempene - det bør difor kunna gjevast dispensasjon.»

Klagegrunnar

Klagen er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

«Ingen stiar i området eller konflikt med friluftsimteresser

Tiltakshavar og søkjar har undersøkt med grunneigarar og naboar, og det vert stadfesta atdet ikkje er stiar eller friluftsimteresser på eller i nærleiken av eigedomen. Kommunens vurderingar rudnt dette må basere seg på feil fakta og eventuelt gamle registreringar av no gjengrodde stiar. Området rundt eigedomen er bratt og kupert og er på ingen måte reelt nytta, eller egna, til turgåing eller friluftsliv.

Tiltakshavar eig gbnr. 227/7 + 227/5 samt 227/42 og har saman med andre gjennom mange år hatt eit tett samarbeid med turlaget for å etablere stiar og turområde i dalen nord for den aktuelle eigedomen. Han kjenner sjølv området godt og dette arbeidet viser tiltakshavars engasjement for å ta vare på friluftsimteresser i området og unik lokalkjennskap til kvar stiar, turområdet og friluftsimteressene er plassert.

Sikring av busetnad i Molvik

Molvik-bygda er avhengig av ny busetnad for å sikre vidare eksistens som levande samfunn. Det finst ikkje andre gode alternativ for etablering av bustad i bygda. Naboar og lokalsamfunnet støttar tiltaket, og svært mange av gardane i området har to eller fleire hus. Den omsøkte tomta er allereie frådelt og lite teneleg til andre føremål. Tiltaket sikrar at eigedomen kan nyttast som opphavleg tenkt, samstundes som ein legg til rette for at neste generasjon kan overta hovudgarden på eit berekraftig og økonomisk forsvarleg grunnlag.

Ingen konflikt med landbruksinteresser og betring av infrastruktur

Det er einigheit om at dispensasjon ikkje bryt med landbruket sine interesser. Vi vil også framheva at dispensasjon dermed kan gje positive verknader for både landbruksinteresser og friluftsinteresser. Tomta og næraste tilgrensande areal er ikkje eigna for landbruksdrift men ved å etablere veg til tomta kan ein få tilkomst til nokre skogsområde som i dag ikkje er tilgjengelege, noko som kan gi positiv verdi for både landbruk, miljø og kulturlandskap. Tilkomst via skog utan tilrettelegging let seg ikkje gjere men via ny veg vil ein komme seg inn på ein liten flate og derifrå kunne ta ut ein del skog ved bruk av vinsj. Det er ingen lønnsam skogsdrift i seg sjølv men ein kan vedlikehalde vegetasjon og kulturlandskap på ein god måte.

Tiltaket vil etter vårt syn ikkje skape presedens då det føreligg ein del konkrete forhold som at eigedomen er frådelt tidlegare, ikkje omfattar dyrka mark eller aktiv landbruksdrift og er på eit området som heller ikkje vil kunna bli det. I tillegg kan ein leggja til rette for eit godt generasjonsskifte og bidra til busetnad i eit området av kommunen med lite eller ingen utbyggingspress. Det er få, om nokre, eigedomar med same forhold i området og det kan vanskeleg verte presedens av dette.

Framføring av vatn til tomta kan også gje fleire fordelar, inkludert ein vannpost for turområdet nord i dalen og lett tilgang til vatn for eventuelle beiteareal sør for eigedomen. Dette vil ha positiv verdi for både dyr og friluftsliv.

Samfunnsdelen av kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplanen legg opp til bruk av heile kommunen, inkludert bygdeområde som Molvik. Det er urealistisk å gjennomføre større reguleringsplanar i slike område grunna kostnadsnivået. Derfor er nettopp dispensasjonar eit viktig verktøy for å sikre vidare utvikling og busetnad i tråd med politiske ynskje. Kommunen bør ta omsyn til realitetane i slike småsamfunn og bidra til å oppretthalde busetnaden og tilhørighet gjennom aktiv bruk av f.eks. dispensasjon då reguleringsplanar er eit urealistisk verktøy i slike tilfelle.

Den eksisterande bustaden til tiltakshavar på gbnr. 227/7 er ikkje tilpassa aldersrelaterte behov og kan ikkje enkelt oppgraderast til moderne krav. Ein ny, tilpassa bustad vil sikre at tiltakshavar kan bu i området og sikra at andre kan ta vare på garden og bygningane over tid. Alternativet er å bu i dagens bustad så «lenge ein kan», dette vil nok medføre at eigedomen etterkvart ikkje vert tilstrekkeleg ivaretatt, noko som kan føre til forfall av både bustaden og landskapet og gje ein svært dårleg situasjon for neste generasjon når så langt kjem.

Oppsummering

Vi er samd med kommunen i at ein dispensasjon ikkje gjev negativ verknad for landbruksinteresser. Vidare er det heller ingen reel konflikt med friluftsinteresser eller negativ påverknad av desse, snarare tvert om. Dette er slått fast gjennom samtale med lokale som har stor kjennskap til området. Dersom kommunen ynskjer å sjå dette med eigne auger er dei hjarteleg velkommen på synfaring saman med tiltakshavar. Ein dispensasjon bryt dermed ikkje med hensynet bak bestemmelsen.

Vidare er vår vurdering at det er få ulemper og stor overvekt av fordelar ved ein dispensasjon. Nedbygging av området over tid vil vekta negativt men det må vurderast i kva grad det gjer seg gjeldande opp mot fordelane. Tomta er frådelt og ligg i eit området som ikkje kan nyttast til landbruk, generelt har Molvik svært lite press på utbygging og risikoen for delvis nedbygging i særleg omfang er svært liten.

Det å ivareta busetnad i området, leggja til rette for bruk av eigedomen og sikra eit godt generasjonsskifte på ein av dei, samla sett, større eigedomane i Molvik vil være svært viktig for samfunnet og bygda. Ein vil også gjennom stikkveg til eigedomen kunne nå enkelte området for vedlikehald av kulturlandskap, samstundes som tiltaket vil nytta seg av eksisterande veg for tilkomst i svært stor grad. Slik vi ser det er einaste moglegheit for realistiske utvikling i eit området som Molvik utbygging av strøtomter som denne, og då vert det ofte gjennom bruk av dispensasjon og direkte byggesakhandsaming som verktøy slik som i denne saka.

Vi meiner at fordelane ved tiltaket klart overstig ulempene og at dispensasjon ikkje vil tilsidesette vesentlege omsyn bak reglane. Tiltaket bidreg til å sikre busetnad, samfunnsutvikling og langsiktig ivaretaking av eigedom og landskap, utan konflikt med natur- eller landbruksinteresser.

Vi ber kommunen om å revurdere vedtaket og gje dispensasjon basert på dei unike tilhøva i denne saka.»

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av søknaden og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«Generelt om dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål LNF. Det er to vilkår som begge må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I tillegg kan ikkje kommunen gi dispensasjon dersom omsyna bak lovas formålsregel eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Vurdering av omsynet

Omsynet bak LNF er å verne om interessa knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Ein skal unngå uheldig fortetting og omdisponering av areal som anten skal nyttast til landbruksføremål eller som kan nyttast og har kvalitetar innan natur og friluftsliv.

I denne saka argumenterast det for at området ikkje har landbruks- eller friluftsverdi. Kommunens er einig i at landbruksomsynet ikkje gjer seg gjeldande i dette området da det i følge Nibio sitt gardskart ikkje er definert som dyrka jord, innmarksbeite eller produktiv skog. Kommunen kan difor ikkje sjå at omsynet bak LNF blir satt vesentleg til side i denne saka. Dispensasjonen innvilgast likevel ikkje da kommunen ikkje kan sjå at det føreligg klart større fordelar enn ulemper for at det skal gjevast dispensasjon.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at området fortsett har frilufts- og naturverdiar som bør tekest var på. Kommunen er ikkje einig i at området ikkje har friluftsverdiar. Det går stiar i nærleiken av tomten, og sjølv om stiane ikkje måtte gå direkte over tomten, har omgjevnadenes landskapsverdiar ein viktig rolle i LNF-omsynet.

At området er sett av til rein LNF i gjeldande kommuneplan tyder på at det ikkje var meninga at området skulle fortettast, og ein bør unngå å skape praksis som tillate bit-for-bit fortetting av LNF områder gjennom dispensasjonar.

At tomten er frådelt kan ikkje vektleggjast da det blei gjort i 1994, og lenge før gjeldande kommuneplan trådde i kraft. Personlege omsyn, slik som tilknytning til området, kan heller ikkje vektleggjast i vurderinga.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå LNF ikkje er oppfylt.»

Vurderingar av moment i klagen

Søknad om dispensasjon frå arealformål LNF vart avslått med grunngjeving i området sine frilufts- og naturverdiar.

Klagar meiner at det ikkje er nokon konflikt med landbruksinteresser. Kommunedirektøren viste i avslaget til at landbruksomsynet ikkje gjer seg gjeldande i dette området. Imidlertid har området framleis har frilufts- og naturverdiar i form av landskapsverdiar som bør takast vare på.

Klagar meiner at det ikkje finst stiar i området eller konflikt med friluftslivinteresser. Kommunen si vurdering er at området framleis har naturomsyn som må ivaretakast. Kartet viser stiar i området. At det eventuelt ikkje går stiar over eigedommen, inneber ikkje at området kan byggjast ut. Lova krev at fordelane med dispensasjonen må vere klårt større enn ulempe. Å byggje ned urørde naturområde gjev ingen fordelar.

Området har landskapsverdiar med gode LNF-kvalitetar som er meint å bli ivaretatt gjennom arealformålet LNF. Utbygging skal skje gjennom overordna plan og ikkje gjennom bit-for-bit nedbygging av natur ved einskildvise dispensasjonar. I tillegg kjem presedensverknaden av å

tillate vidare utbygging i LNF-område utan ein overordna plan som styringsverktøy. Avklaring i overordna plan og presedensverknad vert òg vektlagde av Statsforvaltaren i si uttale. Ei uttale, der Statsforvalteren tilrår å avslå dispensasjon i saka.

Klagar meiner at Molvik er avhengig av ny busetnad for å sikre vidare eksistens. Kommunedirektøren viser til at dette er eit politisk spørsmål på overordna nivå som ikkje skal avgjerast gjennom einskildvise dispensasjonar. Når det i samfunnsdelen vert lagt opp til bruk av heile kommunen, så siktar ein til utbygging gjennom planprosessar som ivaretek overordna omsyn til LNF.

På denne bakgrunnen ligg det ikkje føre nye moment i klagen som fører til ei endring av vedtaket om avslag på dispensasjon.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.

- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
 - Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
 - Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidare sendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
 - Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
 - Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.
- Vedlegg
- 1 • Søknad om dispensasjon frå arealformålet for oppføring av mindre einebustad - gbnr. 227/42 Molvik •
 - 2 • Kwittering-for-nabovarsel-1-20240819-1422.pdf •
 - 3 • Merknad-til-nabovarsel-1-20240819-SVEIN-HARALD-MOLVIK.pdf •
 - 4 • Nabovarsel-1-20240819-1422.pdf •
 - 5 • Søknad om dispensasjon vert avslått - Gbnr 227/42 Molvikavegen •
 - 6 • B01-Søknad om dispensasjon.pdf •
 - 7 • D01 A3 Situasjonsplan ny bustad gbnr 227-42, Molvikavegen, rev A-kopi.pdf •
 - 8 • D02 A3 Snitt sit.plan ny bustad gbnr 227-42, Molvikavegen, rev A-kopi.pdf •
 - 9 • E01-Plan og snitt Ånensen-kopi.pdf •
 - 10 • E02-Fasader Ånensen-kopi.pdf •
 - 11 • Uttale dispensasjon oppføring av bustad gbnr. 227_42 Molvik.pdf •
 - 12 • Uttale - Dispensasjon - Alver 227_42 - Molvikavegen - Oppføring av einebustad.pdf •
 - 13 • Mål på garasje - gbnr 227/42 Molvik - einebustad •
 - 14 • Klage på avslag på søknad om dispensasjon 227 42.pdf •
 - 15 • Klage på avslag på søknad om dispensasjon - gbnr. 227/42 Molvik •
 - 16 • Førebels svar - mottatt klage på vedtak - gbnr 227/42 Molvik •
 - •